

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/33

av 4. juli 2002

om godkjenning av systemet for overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er innført i Belgia i samsvar med rådsdirektiv 64/432/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 2495]

(2002/544/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 535/2002⁽²⁾, særleg artikkel 14 nr. 5, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Dei rette styresmaktene i Belgia la 18. oktober 2000 fram for Kommisjonen ei oppmoding om godkjenning av systemet for overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er innført i denne medlemsstaten, i tillegg til tilhøyrande dokumentasjon som er ytterlegare ajourført.
- 2) Etter ein veterinærkontroll som Kommisjonen utførte i Belgia, og i lys av situasjonen med omsyn til dyrehelse i denne staten, har sakkunnige frå Kommisjonen kontrollert systemet for overvakingsnett for driftseiningar for storfe i Belgia og funne at det er i full drift, og gjort framlegg om at det difor bør få offisiell godkjenning.
- 3) For å gjere det mogleg for medlemsstatane å tilpasse seg dei reglane som gjeld for handel med storfe, er det

føremålstenleg å fastsetje datoen for når godkjenninga skal ta til å gjelde.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Systemet for overvakingsnett for driftseiningar for storfe, som er fastsett i artikkel 14 i direktiv 64/432/EØF og som er innført i Belgia, er rekna for å vere i full drift frå 1. juli 2002.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 4. juli 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 176 av 5.7.2002, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 30/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 17.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

⁽²⁾ TEF L 80 av 23.3.2002, s. 22.